



Ragstjørna naturreservat

Naturreservatet blei oppretta ved kongeleg resolusjon av 20. desember 1996. Reservatet dekkjer eit areal på 479 dekar, om lag 185 av desse er på land.

Føremålet med fredinga er å ta vare på

- dei spesielle geologiske forekomstane som finst her
- våtmarksområdet med eit rikt fugleliv.

Geologi

Ragstjørna syner svære steinblokker – nokre store som hus – som ligg i ryggar på tvers av dalen. Ryggane er tydelege "dokument" frå slutten av siste istid. Dei blei truleg danna som ende-morenar, men og av svære massar som rasa ned frå fjellsideane då isen smelta bort. Forekomstane ved Ragstjørna er eineståande i sitt slag i Rogaland.

Vegetasjon

Tjørna er for ein stor del omkransa av myr og sumpskog. Våtmarkene har ein rik og variert vegetasjon av mellom anna elvesnelle, flaskestorr, molte, myrhatt, nøkkeroser og pors. Ein del høgaksen takrøyr veks ute i vatnet. Området har og artsrike kantsonar mot kulturmark.

Fugleliv


Den varierte og frodige vegetasjonen gjer eit godt livsrom for mange slag




Flaskestorr



Pors




Elvesnelle



Takrøyr



Kvit nøkkerose




Gul nøkkerose

UTDRAG FRÅ VERNEFØRESEGNENE
Du er velkomen til å vitja reservatet, men merk deg følgjande føresegner:


- All vegetasjon i vatn og på land er freda.
- Dyre- og fuglelivet, også hi, reir og egg, er freda.
- Jakt og fangst til lands og i vatnet er forbode.
- Motorferdsle er forbode, dette gjeld også modellkjørety.
- Camping, oppsetjing av telt og kamuflasje-innretningar for fuglefotografering er forbode.
- Innførsle av nye dyre- og planteartar er forbode.
- Hundar skal haldas i band.
- Alle inngrep som endrar eller innverkar på dei naturlege miljøforholda, er forbode.

fuglar. I myrområda er det gode hekkplassar for stökkand og brunnakke, og i sivskogen rugar sivhøne, sothøne og sivsongar. Skogen og krattmarkene rundt tjørna er tilhaldstad for flugesnappar, trepiplerke, spettmeis og


ei lang rekkje andre artar. Men Ragstjørna er og viktig for mange fuglar på hausten og vinteren. Vadefuglar og ender (toppand, bergand, kvinand og laksand) finn insekt og smådyr i tjørna, og songsvaner har kvart år ein viktig overvintringsstad i dette vatnet.



Songsvane



Brunnakke



Stökkand



Myrhatt



Sothøne



Sivhøne



Sivsongar

INFORMASJON

Ytterlegare opplysningar om naturreservatet får du ved:



Fylkesmannen i Rogaland Miljøvern avdelinga

Postboks 59, 4001 Stavanger
Telefon: 51 56 89 00

Sjå elles våre heimesider:
<http://www.fylkesmannen-rog.no/>